



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

KOPI

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/848 - 16/7994

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
15.06.2016

Søknad om godkjenning av bestandsplan - Vald 4. Mongstad, Austrheim kommune.

Delegasjonssak nr.:

Saksutgreiing:

Vald 4 søker om godkjenning av ny bestandsplan. Saka om felles bestandsplan for Austrheim var ope på møte i Viltfagrådet i Austrheim og Fedje den 05.04.2016 og viltfagrådet oppfordret valda til ein slik løysing. Mongstad vald ønsket man å halde for seg sjølv da det spesielle forhold både knyttet til området, jaktutøvelse og orgaisering i dette valdet.

Bestandsplan området vert på totalt 1150 daa og dekker Mongstad base og tilgrensende skog og myr areal. Bestandsplanen skal gjelde frå 2016 til og med 2018. Planen baseres på god kunnskap og lokale erfaringer frå området. I avskytingsplanen har valdet lagt opp til ein jamn avskyting gjennom stammen. Det legges og frem i planen korleis ein skal handtere endringane av gjerdetrasseen og tömming av «øde» området.

Lovgrunnlag

Søknad om godkjenning av bestandsplan handsamast etter forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 12-16 jf. Viltlova.

Det stilles i § 14 krav om at bestandsplanområdet må disponere eit tellande areal på minst 20 ganger minstearealet. I Austrheim kommune er minstearealet etter « Forskrift om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Bergen, Sveio, Bømlo, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Samnanger, Sund, Vaksdal, Modalen, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland.» 1000 daa. Det er så redusert til 500 daa i kommunestyre vedtak (061/11) den 22.06.2011.

Vurdering

Viltforvaltninga i Austrheim kommune ønsker å ha ein bereraftig hjorteforvaltning som tek omsyn til hjortebestanden sin storlek slik at den er til glede for flest mogeleg samstundes som

skadeomfanget på eng og skog er til å leva med for dei som driv med landbruk i kommunen. Planen følger desse målsetningane og er basert på lokal kunnskap, erfaringer, fellingsstatistik og observasjoner av dyr.

Ein bestandsplan bør så langt det let seg gjera gjelde for ein heil bestand av hjort. Dette vil under normale forhold tilseie eit mykje større areal enn det Mongstad har. Sidan Mongstadvaldet er gjerda inn kan ein med stor sikkerheit slå fast at det er ein eigen bestand som vert forvalta. Valdet på Mongstad stiller i ei særstilling her, og kravet om 20 gonger minstearealet vil ikkje vere naudsynt for å forvalte hjortebestanden. Dette stettar kravet i forskrifta om at ein skal forvalte hjortevilt på bestandsnivå.

Vedlagte bestandsplan inneholder oversikt over planlagd årleg uttak av ulike kjønn og alderskategoriar, og ei målsetting for bestandsutviklinga, jf. § 15 i forskrift om forvaltning av hjortevilt. Bestandsplanen kan godkjennast etter dette punktet.

Tidlegare bestandsplan syner å ha fungert bra, og den nye bestandsplanen verkar god og kunnskapsbasert. Omsynet til kjønn- og alderssamansetninga i bestanden er godt ivaretatt, og vidare utvikling av bestanden er gjennomtenkt og fagleg grunngjeve.

Landbrukskontoret finn at ein kan godkjenne bestandsplanen for Mongstad vald for 2016 til 2018, slik den er beskrive i vedlagte søknad.

Vedtak:

Landbrukskontoret godkjenner ny bestandsplan for Mongstad vald.

- Det vert løyvd fellingstillatelse for 21 dyr over tre år.
- Bestandsplanen er gyldig frå 2016-2018.
- Avskytinga skal fylgje bestandsplanens oppsett så langt det let seg gjera.
- Viss bestandsutviklinga på hjortestamma i Austrheim endrar seg dramatisk kan avtalen seiast opp eller endras av Austrheim kommune. Det same gjeld viss målsetjinga til kommunen når det gjeld hjortestamma endrar seg dramatisk.

Vedtaket har heimel i viltlova og forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 12-16.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bestandsplan med kommentarer

Kartutsnitt Mongstad

Bestandsplan Mongstad 2016-2018

Kopi til:

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

Mottakere:

Nils Ove Vassdal
Trond Leikvoll